

F 6 MAI 1980

# ÅRSMELDING 1979

Fiskerisekretæren  
i Herøy  
Møre og Romsdal

STIKKORD-REGISTER.

1. Nemnder i Herøy med tilknytning til fiskerinæringa.  
Lokale fiskarlag i kommunen.
2. Fiskerisekretær-kontoret/Fiskenemnda.
3. Statens Fiskarbank.
4. Fiskarmann-talet.
5. Merkeregisteret.
6. Fiskeflåten i Herøy.
7. Fiskeflåten pr. 31/12 1979.
8. Eigestedsrett/konsesjonar til fiskefartøy.
9. Skader på trålredskap i Nordsjøen.
10. Fiskeforedling i Herøy - Kvantums-statistikk for  
Sunnmøre og Romsdal Fiskeselslag, avd. Fosnavåg.
11. Service for fiskeflåten i Herøy.
12. Aqua-kultur. Oppal av laks og aure/blåskjelldyrking.
13. Line-egne sentral i Herøy.
14. Forsøksfiske etter makrell utanfor Herøy.

\*\*\*\*\*

3388/61695

NEMNDER I HERØY MED TILKNYTNING TIL FISKERINÆRINGA.

---

Fiskenemnd perioden 1976 - utgangen 1979.

Medlemmer

Odd Sævik, 6094 Leinøy (Formann)  
Per J. Remøy, 6094 Leinøy (Nestf.m.)  
Kleofas Kvalsvik, 6099 Kvalsvikøy  
Arnt Leinebø, 6094 Leinøy  
Otto Kalland, 6096 Runde

Varamenn

Erling Eide, 6095 Bølandet  
Einar Nerland, 6094 Leinøy  
Karl A. Leine, 6094 Leinøy  
Knut P. Sævik, 6094 Leinøy  
Reidar Remøy, 6094 Leimøy

Ny Fiskenemnd for perioden 1980 - utgangen 1983.

Medlemmer

Arne Sævik, 6094 Leinøy (Formann)  
Arnt Leinebø, 6094 Leinøy (Nestf.m.)  
Otto Kalland, 6096 Runde  
Kleofas Kvalsvik, 6099 Kvalsvikøy  
Odd Sævik, 6094 Leinøy

Varamenn

Einar Nerland, 6094 Leinøy  
Knut P. Sævik, 6094 Leinøy  
Reidar J. Remøy, 6094 Leinøy  
Hans Petter Leine, 6094 Leinøy  
Johan I. Frøystad, 6095 Bølandet

Takstnemnd for Statens Fiskarbank i perioden 1980 - utgangen 1983.

Medlemmer

Arne Sævik, 6094 Leinøy (Formann)  
Elias Tjervåg, 6070 Tjervåg  
Knut P. Sævik, 6094 Leinøy

Varamenn

Reidar Remøy, 6094 Leinøy  
Johs. Bj. Eggesbø, 6092 Eggesbønes  
Arne Jøssok, 6080 Gurskøy

Lokale fiskarlag i Herøy.

1. Fosnavåg Fiskarlag
2. Remøy og Sævik Fiskarlag
3. Runde Fiskarlag
4. Bøe og Sande Fiskarlag
5. Nerlandsøy Fiskarlag

6. Leine og Voldsund Fiskarlag
7. Kvalsvik Fiskarlag
8. Frøystad Fiskarlag
9. Indre Herøy Fiskarlag

(Når kjem samanslåinga, til Herøy Fiskarlag ?)

FISKERI-SEKRETÆR-KONTORET

FISKENEMNDA I HERØY.

Rettleiingstenesta for fiskerinæringa vart vedteke opprettet ved "Lov av 11 juni 1971 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa" Lova har som formål å fremje fiskerinæringa ved rettleiing og offentlege tiltak, på den måten som er til mest gavn for samfunnet og for dei som har sitt virke i fiskerinæringa.

Herøy, Hareid og Ulstein fekk tildelt felles fiskerirettleiar hausten 1975. Denne ordninga fungerte fram til 1/1 1979, då Hareid/ Ulstein overtok den ordinære rettleiarstillinga, mens Herøy oppretta egen stilling for kommunal fiskerisekretær.

Ettersom Herøy kan karakteriserast som ei av dei største og mest aktive fiskerikommuner i landet, var det naturleg at kommunen fekk egen stilling innan rettleiingstenesta.

Herøy har altså hatt egen kommunal fiskerisekretær frå 1/1-79. Fiskerisekretæren har same rettar og plikter som ordinære rettleiarar, og har Fiskerisjefen, Fiskeridirektoratet og Fiskeridepartementet som faglege overordna. Den kommunale fiskerisekretær er likevel underordna Rådmannen administrasjonsmessig.

Ettersom det i dei seinare år har vore tilnærma stillings-stopp i Fiskeridepartementet, har mange fiskerikommuner langs kysten, oppretta egne fiskerisekretær-stillinga, for å dekke inn behovet for rettleiing.

II

Fiskeridepartementet vil imidlertid i vårsesjonen-80, legge fram ei ny stortingsmelding om rettleiingstenesta i fiskerinæringa, St.meld. nr. 43 (1979-80). Denne har no vore ute til høyring, og har no passert Fiskeri- og Sjøfartskomiteen i Stortinget. I denne meldinga går fleirtalet av høyrings-instansar inn for at Staten skal overta rettleiingstenesta.

Dette vil på lokalt hold innebære at Staten overtek fiskerirettleiar/sekretær-stillingane, kontorhaldet, den noverande kommunale fiskenemnda og andre kostnader med tenesta. Det er muntleg sagt av sentrale personar at Staten òg vil overta andre stillingar som er knytt til kontoret.

Etter at Stortinget har vedteke denne lova, vil den nye ordninga tre i kraft frå 1/1 1981.

Det særmerkte med fiskerirettleiar/sekretær-stillingane i den lokale rettleiings-tenesta, er at den skal dekke alle fagområder som vedkjem fiskerinæringa.

På meir sentrale institusjonar innan næringa er kvart fagområde dekt av spesielle fagfolk, f.eks. i Fiskeridirektoratet.

Det er dermed klart at fiskerirettleiar/sekretæren får eit svært omfattande arbeidsfelt, og må halde seg informert og vere fagleg sikker på alle desse områda.

Det kan her nemnast: Alle konsesjons-ordningar i norsk fiske, regulerings-bestemmelser, Statens Fiskarbank, DUF og andre relevante låneinstitusjonar, trålskade-ordningar, fiskarmanntalet, merke-registeret, aquakultur, dei nye velferdsordningane for fiskarar, og mange andre felt innan fiskerinæringa. Det særmerkte er og at dei fleste felt <sup>har</sup> ordningar som grip inn i kvarandre, og det er stadige endringar og nye opplegg.

For 1979 hadde kontoret i Herøy dette antall skriftlege saker som var handsama i fiskenemnda:

Statens Fiskarbank	110 saker
DUF	4 saker
Konsesjons-saker	35 saker
Merke-registeret	70 saker (Ikkje innom nemnda)
Aquakultur	10 saker
Trålskade-saker	40 saker (Ikkje innom nemnda)
Andre saker vedrørende fiskerinæringa	ca. 20 saker.

Det er i noværande arbeidssituasjon svært vanskeleg å få samanhengande arbeidsperioder, for sakshandsaming.

Det er sjølvsagt klart at hovedfunksjonen er den personlege kontakt med utøvarane i næringa, men alt rutine-arbeidet gjer at kontoret er overbelasta, noko som kan medføre dårlegare service på alle områder.

Situasjonen er og uholdbar når fiskerisekretæren skal på kurs, møter og synfaringar. Kursa kan vare opp til 5 arbeidsdagar, møta f.eks i Ålesund, 1 dag og synfaringar minst 1 time.

I desse periodar vert kontoret stengt.

Viktige felt som tiltaksarbeid og utviklingsarbeid, er i noværande situasjon heilt forsømt. Arbeidet med å etablere ein line-egnesentral for kystfiskeflåten er likevel kome godt igang, (for-undersøkingar blant alle kystfiskarane i kommunen), men dette har samanheng med at det er i samarbeid med Statens Teknologiske Institutt og Fiskerisjefen.

Aquakultur er imidlertid eit forsømt område. Det tidkrevande arbeidet med å planlegge eit lakseyngel-anlegg i Herøy har vorte gjennomført med hjelp av Aquakultur-konsulenet hos Fiskerisjefen. Konesjons-søknad for dette anlegget blir innsendt med det første.

Sitasjonen på andre fiskerirettleiar-kontor:

Blant dei større fiskerikommuner i landet er Herøy etter alt å døme den kommunen som er mest underbemannad på fiskerirettleiar-kontoret.

Det kannemnast at kommuner som Tromsø, Vest-Vågøy og Karlsøy, i tillegg til kontor-assistent, har etablert stillingar for sakshandsamarar. Desse fungerer som assisterande fiskerirettleiarar, når fiskerirettleiararen ikkje er til stades.

Andre større fiskeri-kommuner har for lengst etablert kontor-assistentstillingar på fiskerirettleiar-kontora.

Desse stillingane er vel å merke reint kommunale.

Ettersom fiskerirettleiings-tenesta stadig blir pålagt fleire arbeidsoppgåver er oppretting av kontor-assistentstillingar sett på som sjølvsagt.

Det er i Herøy ca. 75 heilårsdrevne fiskefartøy, derav ca. 30 større fartøy.

Vi har ca. 590 fiskarar med fiske som heilårsyrke.

Herøy er og ei stor kommune innan fiskeforedling, med 12 bedrifter.

Det er derfor ikkje vanskeleg å sjå at rettleiingstenesta i Herøy har eit svært stort felt å dekke.

Fiskerisekretæren er fast sekretær for fiskenemnda. I Herøy har vi ein svært høg møte-frekvens. Særleg på dei såkalla "mini-møter", der berre formann eller nest-formann møter. Vi har oppretta denne typen møter får å få unna alle sakenene innan kort tid. Alle saker blir referert på dei fulltallige møta. I gjennomsnitt er det 5 saker på kvart møte, og det blir avvikle 30 mini-møter i året (29 møter i 79).

Fulltallige heildagsmøter ligg på 3-4 i året. Dette kjem av at det er store vanskar med å samle heile nemnda.

Forbereding av saker og etterhandsaming av desse, etter kvart møte, er svært tidkrevande, særleg maskinskriving og ekspedering, og legg beslag på ca. 40 % av kapasiteten.

Personlige konsultasjonar på kontoret ligg på ca. 5 i gjennomsnitt. I periodar, slik som no ved innføringa av dei nye velferdsordningane, og i uvørsbolkar, har det vore vanleg med 15-20 mann på kontoret kvar dag. Konsultasjonane tek frå 15 minutt til 60 minutt, alt etter kva saker som blir lagt fram.

Desse kombinerte muntlege/skriftlege konsultasjonane er svært tidkrevande, og mykje av arbeidet kunne blitt overført til ein kontor-assistent, etter ei viss opplæring.

Inngående og utgåande telefonar aukar og stadig på, og kan på mange måtar samanliknast med personlege konsultasjonar reint arbeidsmessig. I gjennomsnitt er telefonen i bruk 10 ganger/dag.

Ved sidan av dette kjem tidkrevande arbeid som postekspedering, arkivering, kopiering av alle saker til arkivet og andre kontor-rutiner.

Fiskerisekretæren har i 1979 delteke i fylgjande kurs:

Kurs i aqua-kultur på Averøya/Sunndalsøra

Kurs i organisasjon i fiskerinæringa i Kristiansand

Samlingsmøte for Fiskeristyret og fiskenemndane i fylket på Åndalsnes.

STATENS FISKARBANK.

Ei stor del av arbeids-oppgavene på Fiskerisekretær-kontorødt har tilknytning til Statens Fiskarbank, avd. Ålesund. Denne avdelinga dekker Trøndelags-fylka og Møre og Romsdal.

I 1979 hadde avdeleinga i Ålesund desse midlar til disposisjon:

Generell låne-ramme som dekker fartøylån av 1. pr.,	
2. pr. og stønadslån og redskapslån	kr. 68.760.000,-
Lån disponert av Hovedkontoret i Bergen (18 mill)	kr. 2.200.000,-
Likviditetslån	<u>kr. 21.500.000,-</u>
Totalt disponert av Ålesunds-avdelinga	<u>kr. 92.460.000,-</u>

\*\* Posten på 18 mill kr. som var disponert av Hovedkontoret i Bergen, er spesielle midlar tiltenkt nybygg av større fartøy.

Likviditets-lån.

Dei dårlege utsiktene for lønsam drift i 1979, og vanskar med å få flåten utrusta til fiske, grunna svak likviditet, var årsaka til at det vart bevilga midlar til likviditets-lån for fiskeflåten.

Ordninga var administrert av Fiskarbanken og Ålesund-avdelinga innvilga 21,5 mill kr.

I Herøy var det særleg dei nye ringnotfartøya og industri-trålarane som fekk innvilga lån, men også andre flåtegrupper kom med i ordninga. (Ordninga gjaldt heile flåten)

Største innvilga lån var på 350.000,- kr og det minste på 25.000,- kr, henholdsvis til ringnotfartøy og kystfiskefartøy. Innvilgingsprosenten i antall var på 73,1 % og i kroner var den på 42,1 %, for alle flåtegrupper under eitt.

Herøy fekk tildelt 17,1 % av den samla tildeling frå Ålesund-avdeleinga.

Om dette var nok til å stette behovet er ikkje klarlagt.



Likviditetslån.

Redskapsgruppe	Omsøkt beløp	Antall	Innvilga	Antall	Prosent innvilga antall	kr
Ringnot	6.120.000,-	13	2.400.000	9	69,0%	39,2%
Industrietrål	1.550.000,-	5	980.000	5	100,0%	63,2%
Kyst/bankflåt.	685.000,-	7	305.000	5	71,4%	44,5%
Reketrål/fryse	400.000,-	1	0	0	0	0
Totalt	8.755.000,-	26	3.685.000	19	73,1%	42,1%
Innvilgingsprosent for heile tildelinga frå Ålesund-avd.:						17,1%

Utsetjing på betaling av avdrag på lån i Statens Fiskarbank.

Statens Fiskarbank fekk i 1979 ein svært stor auke i søknadane for utsetjing av innbetaling av avdrag på lån. Vanlegevis var det søknad om utsetjing i 1/2 år, mot betaling av forfalne renter.

I Herøy fekk alle som søkte innvilga utsetjning i 1/2 år. Statistikken inneheld antall søknader innan kvar flåte-gruppe, med det må understrekast at enkelte fartøy hadde inne fleire søknader på ymse lån dei har i Statens Fiskarbank.

<u>Fartøy-gruppe</u>	<u>Antall Søknader(alle innvilga)</u>
Ringnot-fartøy	16 søknader
Industrietrålarar	8 "
Bankfiske inkl. brugde-fartøy	3 "
Kystfiske-båtar	2
Rekefryse-trålarar	1 "
Totalt	<u>30 søknader</u>

Kondemneringstilskot.

I 1979 vart det etablert i økonomisk god kondemnerings-ordning for mindre tidhøvelege ringnotfartøy. Tilskotet vart gjeve mot at fartøyet vart trekt ut av fiske og ringnotkonsesjonen inndrege. I Herøy var det 2 søknader, men ingen vart realisert. Begge fartøya som søkte vart kjøpt opp av andre rederi med større ringnotfartøy, og konsesjonane sammen-slege. Herøy hadde derfor ingen kondemnering av ringnotfartøy i 1979, på dei vilkår ordninga sette.

## Redskaps-lån.

Innanfor redskaps-lån er det å merke at lån til ringnøter og kolmule-trålnøter representerer dei største summene. Dette kjem av dei store beløp det her er tale om, og ikkje at det er så mange søknader.

Kystfiskeflåten som og har stort redskaps-slit kavrt år, burde tilgodesjåast meir enn tilfelloat var i 1979.

Det er og å merke at interessen for garnfiske i Nordsjøen er aukande. Det bør være lettare å få lån til kjøp av garn til fiske i Nordsjøen og ellers til omlegging til slikt fiske. Norge har som kjent store kvoter i Nordsjøen som ikkje blir utnytta med meir enn ca. 10-12 %. Redskapslån.

Flåtegruppe	Omsøkt beløp	Antal	Innvilga beløp	Antal	Prosent Antal	innvilga Kroner
Ringnot	1.430.000,-	3	1.030.000,-	3	100%	72,0%
Nordsjøfiske	234.000,-	2	0	0	0	0
Kystfiske	140.000,-	3	10.000,-	1	33%	7,1%
Totalt	1.804.000,-	8	1.040.000,-	4	50%	57,6%

## Lån til ombygging og utstyr.

Med dei små lånekvoter som Statens Fiskarbank hadde i 1979, og også dei vanskar fiskerineringa kom inn i dette året, vart det sterkt redusert interesse for lån til nybygg.

Statens Fiskarbank prioriterte derfor vedlikehald og modernisering av den eksisterande flåte.

I Herøy må ein sjå seg godt nøgd med tildelinga av lån til slike formål, og fleire fartøy fekk turvande moderniseringar.

Forbetring av arbeidsforholda på fartøya ved bygging av shelter-dekk, nye overbygg og nye innreiingar var ofte tilfelle ved brukan av låna.

Også fiskeforedlings-industrien og fiskdoppdrett-næringa fekk tildelt midlar.

Etter moderniseringane i 1979 må Herøy-flåten karakteriserast som svært moderne og konkurransedyktig sett i lands-målestokk. Låna vart brukte til: Shelterdekk, overbygg, maskineri, sandblåsing, dekk-utstyr, elektronisk og elektrisk utstyr, propell-dyse, kjølemaskineri og isolering, innreiing og ellers andre ting som er nødvendige for å halde fartøyet i god stand. Produksjonsutstyr for fiskeindustrien og til fiskeoppdretts-anlegg.

Lån til ombygging og utstyr. (Statistikk)

Flåtegruppe	Omsøkt beløp	Antal	Innvilga beløp	Antal	Prosent innvilga	
					Antal	Kroner
Ringnot	3.700.000,-	4	2.650.000,-	4	100,0%	71,6%
Bankfiske	1.100.000,-	4	1.000.000,-	4	100,0%	91,0%
Industri-tr.	2.170.000,-	8	1.520.000,-	6	75,0%	70,0%
Kystfiske	216.900,-	7	115.000,-	5	71,0%	53,0%
Fisketilver Fiskeoppdr.	1.586.000,-	3	600.000,-	3	100,0%	38,0%
<b>Totalt</b>	<b>8.772.900,-</b>	<b>26</b>	<b>5.885.000,-</b>	<b>22</b>	<b>85,0%</b>	<b>67,0%</b>

Lån til nybygg, brukte fartøy og overføringar av påkvilande lån.

Interessen for nybygg var liten i Herøy i 1979. Det var søknader på nybygg, særleg innanfor kystfiske-båtar, men d'vart ikkje innvilga.

Kjøp av brukte fartøy og dermed søknad om nye lån og overtaking av påkvilande lån, hadde større interesse. Kjøp og salg av ringnotfartøy domunerte.

Statistikken viser ikkje forholda heilt reelt. Det var mange overtakingar av påkvilande lån, mindre med ny-innvilga lån og med avslag på søknadane om nybygg.

Overtaking av påkvilnade lån var særleg tilfelle innanfor ringnot, ved kjøp av mindre fartøy og sammenslåing av ringnot-konsesjonar. Lån til nybygg, brukte fartøy, overtaking av lån.

Fartøygruppe	Omsøkt beløp	Antal	Innvilga beløp	Antal	Proesent innvilga	
					Antal	Kroner
Ringnot (Påkvilande)	11.200.000,-	4	10.200.000,-	4	100%	91%
Ringnot (nye lån/brukt båt)	4.000.000,-	2	1.500.000,-	1	50%	38%
Kystfiske (nybygg/brukt)	1.064.000,-	10	575.000,-	4	40%	54%
Bankfartøy (nyb./brukt)	2.300.000,-	2	0	0	0	0
Indust. tr. (brukt)	2.200.000,-	2	200.000,-	1	50%	9%
<b>Totalt</b>	<b>20.764.000,-</b>	<b>20</b>	<b>12.475.000,-</b>	<b>10</b>	<b>50%</b>	<b>60%</b>

## FISKARMANN-TALET.

Føringa av Fiskarmann-talet er ikkje tillagt Fiskerisekretærkontoret. I Herøy er det egen manntals-førar og med ei politisk vald nemnd, Fiskarmanntals-nemnda, som overordna. I den nye lova om fiskarmanntalet, er det derimot lagt opp til at føringa an fiskarmann-talet, skal tillegkast kontoret til fiskerirettleiar/sekretær.

Fiskarmann-talet er delt i to lister eller blad, - liste A og B.

På liste A er oppført fiskarar med fiske som bi-yrke, og med sjødrift som er under 20 veker i året.

På liste B er oppført fiskarar med fiske som einaste eller viktigaste leveveg, og med sjødrift over 20 veker i året.

Fiskarmann-talet har som hovedfunksjon å beskytte fiskarane som yrkesgruppe.

Grunnleggande rettar som eigedomsrett til fiskafartøy, konsesjonsrettar, garanti-lott m.m., er knytt til fiskarmann-talet.

Frå 1/1-80 vil dei nye velferds-ordningane for fiskarar; Arbeids-løysetrygd i fiske, ferieordninga for fiskarar, også bli knytt til fiskarmanntalet, liste B.

Det er derfor viktig at reglane for innmelding i fiskarmann-talet, er såpass strenge og konkrete at fiskarane vert bskytta som yrkes-gruppe.

Nye forskrifter for fiskarmann-talet er på trappene, og dei vil truleg innføre strengare krav for å stå på fiskarmann-talet, spesielt på liste B.

Om pensjonerte fiskarar får stå på liste A, om ikkje anna som ein gest for eit langt fiskar-liv, er usikkert.

Det er svært viktig at fiskarane sjølve passar på at dei står oppført i fiskarmann-talet, og betaler kontoingenten for dette. I Herøy er det ofte dei yngste fiskarane som ikkje alltid er på-passelege med å melde seg inn i fiskarmann-talet når dei byrjar ei karriere som heilårs-fiskarar.

Pr. 1/4-80 var det i Herøy, 59<sup>2</sup> manntals-førte fiskarar på liste B. På liste A var det oppført 78 mann.

Det er vel å merke at på liste B var 1 kvinne oppført, under aldersgruppa 21 - 30 år.

Talet på liste B er kanskje ikkje heilt korrekt, særleg grunna at unge fiskarar ikkje har meldt seg på manntalet.

Grunnen til at manntalet er ført ut til 1/4, er innføringa av dei nye velferdsordningane i fiskeria.

Det synte seg at når fiskarane skulle melde seg arbeidsledige på skjema "Egenmelding for arbeidsløyse i fiske", var det eit stort antal som ikkje sto oppført i fiskarmanntalet.

Det er vel realistisk å rekne med 600 fiskarar på liste B i Herøy. Med så mange fiskarar er Herøy blant dei største fiskeri-kommuner i landet, også målt etter antal fiskarar.

For framtida må det være eit overordna mål å oppretthalde dette antalet, med å sikre rekruttane vilkår og arbeidstilhøve, som gjer fiskaryrket attraktivt og sikkert i den grad som er råd.

#### Kommentar til tabellen:

Ein kan merke seg at aldersgruppa 21 - 30 år, er sterkt representert i alle bygdelag. Dette kjem av sterk rekruttering under dei gode åra frå midten av 60-talet, ved oppbygginga av ringnotflåten.

Gruppa 31 - 40 år er óg delvis eit resultat av dette.

Derimot synes gruppa 20 år og yngre til å være for lite representert til å dekke inn naturleg avgang frå gruppa 50 år og eldre.

Dette kan tyde på ei negativ utvikling i rekrutteringa til fiskerinæringa i Herøy. Ein vil ikkje merke svikten på kort sikt, men i løpet av ei 10 års periode vil ein merke svikten, hvis den då er reell i det heile.

Det er likevel å tru at rekrutteringa til fiskerinæringa kan stabiliserast på eit høveleg nivå i forhold til flåte og fiske-industri, /service-næring.

Dei nye sosiale ordningane som no blir innført vil gjere fiskaryrket meir likt stilt med andre yrkes-grupper i sosiale forhold. Dette vil få positiv verknad på rekrutteringa til fiskaryrket.

Manntals-førte fiskarar i Herøy pr. 1/4 1980, fordelt etter  
alder og bustad.

LISTE B.

Bustad	1960 og seinare 20 år og yngre.	1950-59 21 til 30 år	1940-49 31 til 40 år	1930-39 41 til 50 år	1929 og tidlegare 50 år og eldre.	Antal	Prosent
Bølandet	8	15	14	6	12	55	9,3
Eggesbønes	0	18	14	6	12	50	8,5
Flåvær	0	0	0	0	3	3	0,5
Fosnavåg	5	23	18	15	21	82	13,9
Gurskøy	1	5	5	7	2	20	3,4
Kvalsvik- øy	5	14	11	16	13	59	10,0
Leinøy/ Nærø	12	27	24	23	22	108	18,3
Remøy	5	20	15	12	21	73	12,4
Moltu- stranda	2	13	5	2	6	28	4,7
Nerlands- øy	1	18	23	10	23	75	12,7
Runde	0	2	1	1	4	8	1,4
Tjørvåg	4	17	2	4	3	30	5,1
Antall	43	172	132	102	142	592	100 %
Prosent.	7,1	29,1	22,5	17,3	24,0		100 %

I tillegg til liste B, er det på liste A oppført 78 fiskarar,  
fordelt over alle bygdelag.

Dei fleste som står oppført på liste A, har høg alder.

## MERKE-REGISTERET FOR FISKEFARTØYER.

Fiskerisekretæren er tillagt å inneha vervet som merkelovens tilsynsmann i Herøy.

Vervet har hjemmel i "Lov om registrering og merking av fiskefartøyer, av 5. desember 1917, med lovendring av 29. oktober 1948 og 26. juni 1953.

Registeret og merkeplikten skal omfatte fartøyer og båter som brukes til ervervsmessig fiske og/eller fangst.

Ervervsmessig fiske definerer lova som at vedkomande som bruker av fartøy eller båt, har fiske som leveveg åleine, eller saman med anna næring.

Dette medfører at vedkomande må stå oppført på Fiskarmann-talet, enten på blad B eller blad A. (Blad B, over 20 veker i sjødrift i året, blad A, under 20 veker i sjødrift i året).

For å bli registrert som personleg næringsdrivande i fiske, med egen båt, må vedkomande ha lottinntekt eller næringsinntekt i fiske, på minst kr. 6000,- dei siste 12 mnd. Denne registreringa hos Fylkesskattesjefen medfører oppgaveplikt for meirverdiavgift og investeringsavgift.

Merkeregisteret i Herøy viser den store variasjonen i flåten. Herøy har ei av dei største havgåande fiskeflåter i landet, og av dei mest differensierte i henhold til drifts-struktur.

I Herøy har ein i dei siste åra hatt ein stor auke i registreringar av båtar under 30 fot.

Pr. 1/1-80 var det innført 194 båtar under 30 fot.

Hausten 1977 var det foreteke ei samla sletting av båtar som ikkje var i ervervsmessig fiske, og ca. 180 båtar vart då slettet.

Det synes klart at flesteparten av dei noverande 194 båtar under 30 fot, ikkje er i ervervsmessig fiske.

Denne over-registreringa kjem i hovudsak av dei lite klare reglar som gjeld for registrering av fiskebåtar.

Driftsundersøkinga for båter mellom 25 - 40 fot, som Budsjett-nemnda gjennomførte hausten 1979 viser klart at ein stor del av dei registrerte båtar ikkje er i ervervsmessig fiske.

I undersøkinga var alle båtar i Herøy mellom 25 - 40 fot teke med. Antalet er 95 båtar.

Undersøkinga viste at berre 30 båtar var heilårsdrevne (over 30 veker i drift). Av desse var dei fleste mellom 30 - 40 fot.

Hovedproblemet ved registrering av båtar i merkeregisteret, er at tilsynsmannen må godta utsagn frå vedkomande om at båten skal brukast til ervervsmessig fiske.

Det store antal typer av småbåtar som no er på markedet, gjer det óg vanskeleg for tilsynsmannen å definere om båten er høveleg for fiske. Merkeloven inneheld ikkje definisjonar på korleis ein fiskebåt skal være.

Det ville derfor medføre stort rom for forskjells-handsaming av enkelt-tilfella, dersom tilsynsmannen skulle definere utifrå skjøn, kva båt som er fiskebåt eller ikkje.

Grensegangen mellom fiskebåt og lystbåt er svært uklar.

T.d. har dei fleste båt-typer nok uteplass eller dekksplass til å montere ei juksa-snelle eller juksa-maskin, og plass til å plassere ei fiskekasse på dekk.

Ei ny Fiskarmanntalls-lov er på trappene, og ei ny merkelov er under utarbeiding.

Det er å vone at desse to nye lovene i samanheng vil gje klarare reglar for kven og kva båtar som skal ha rett til å bli innført i merkeregisteret.

Det bør kome betre definisjonar på kva som er ein fiskebåt, og for å ha sin båt innført i merkeregisteret bør det innførast generell plikt til å sende inn nærings-skjema eller C-skjema, for å ha oversikt over kva båtar som er i ervervsmessig fiske.

Inntektskravet på kr. 6000,- bør hevast moneleg.

Eldre fiskarar, som er pensjonert, bør ha rett til å ha sin båt i merkeregisteret på vilkår som høver denne gruppen.

Dette er alt spørsmål om fiskarane sine rettar som yrkesgruppe, og det er derfor på høg tid at det blir innført ordningar som gjev klare og reelle forhold i fiskarmanntalet og i merkeregisteret.



Merkeregistrerte fiskefartøy og båter i Herøy merke-distrikt,  
fordelt etter alder og storleik.

Register pr. 1/1 1980.

Storleik Lengste lengde	Før 1950	1950- 1959	1960- 1969	1970- 1979	Antal storleik	Prosent etter storleik.
Under 30 fot	21	52	37	84	194	67,6
30 - 39 fot	5	3	8	20	36	12,5
40 - <u>59 fot</u>	7	2	0	0	9	3,1
60 - 69 fot	2	1	0	0	3	1,1
70 - 79 fot	4	1	0	0	5	1,7
80 - 89 fot	1	4	0	0	5	1,7
90 - 99 fot	0	0	0	0	0	0
Over 100 fot	6	11	9	9	35	12,2
Antall etter alder	46	74	54	113	287	
Prosent etter alder	16,0	25,8	18,1	39,4		

Merke-registrerte fartøy og båter etter drifts-type og storleik.

Storleik l. i fot.	Rimgnot/ Kolmule	Industri- trål	Bankline/ garn	Brugde/ småkval	**** Kyst- fiske	Reke- trål
25 - 40 fot	-	-	-	-	30	-
41 - 70 fot	-	-	2	6	1	-
71 - 100 fot	-	2	2	4	-	-
101 - 130 fot	2	7	3	1	-	-
131 - 180 fot og over.	19	-	-	-	-	2

\*\*\*\*: Kystfiske: Etter driftsundersøkinga i 1979:

Over 30 veker i drift (Heilårsdrevne) 30 båter  
Mellom 15 - 30 veker i drift 9 båter  
Under 15 veker i drift, meir enn 1 veke 23 båter.

Budsjett-nemnda si driftsundersøking av kystfiskebåtar mellom  
25 - 40 fot i 1979.

	Ant.	Prosent
Meir enn 30 veker i fiske (Heilårsdrevne båtar)	30	31,6
Mellom 15 - 30 veker i fiske (Mest vintertorske-fiske)	9	9,5
Under 15 veker i fiske (Meir enn 1 veke i fiske)	23	24,2
Ingen registrert fiskeri-aktivitet	30	31,6
Utgått som fiskebåt	3	3,2
<b>Totalt båtar i undersøkinga</b>	<b>95</b>	

Sletta fartøy og båtar i 1979, fordelt etter drifts-type.

(Fartøy/båtar som er utgått av registeret i Herøy merkedistrikt)

Ringnot-fartøy	5	Salg, ikkje kondemnering
Industri-trålarar	5	Salg, 2 kondemnert
Fabrikk-skip (Ringnot)	1	Salg
Bank-fartøy (Line, garn, brugde)	2	Salg
Kystfiskebåtar	10	Salg, utgått, kondemnert
<b>Totalt</b>	<b>23</b>	

Registrerte fartøy/ båtar i 1979, fordelt etter driftstype.

Ringnot-fartøy	2
Industri-trålarar	1
Bank-fartøy (Line, garn, m.m.)	1
Kystfiskebåtar	24
<b>Totalt</b>	<b>28</b>

## FISKEFLÅTEN I HERØY.

### Ringnotflåten.

Dennne flåtegruppen er den største i Herøy. Herøy er ei av dei største ringnot-kommuner i landet, og er klart størst i Møre og Romsdal. Berre Austevoll i Hordaland er større enn Herøy innan ringnot.

Ringnotfisket kom inn som eit revolusjonerande fiskeri i byrjinga av 60-talet. Denne fangst-teknikken gjorde det mogleg å utnytte pelagiske fiskearter langt til haws. Dei store ressursane av sild og makrell i Nordsjøen og lodde i Barentshavet, gav særst gode driftsvilkår og høg lønsemd.

Flåten har hatt god lønsemd, grunna store ressursar, effektivt redskap, store båtar og tildels fritt fiske.

Ringnotfisket er konsesjons-betinga, og det er ca. 250 ringnotfartøy i landet.

Konsesjons -volumet varierer frå ca. 2000 hl til 15.000 hl pr. båt. Denne store skilnaden har medført store ulikskapar i lønsemd på den einskilde båt.

Konsesjons-reguleringa har gjort det vanskeleg å kome inn i ringnotfiskeriet, men kapasiteten i flåten er i dag altfor stor i forhold til ressursane.

Kondepnings-ordninga som vart innført i 1979, har gjort det mulig å kondepne ca. 30 fartøy, hovudsakleg fartøy med konsesjon under 4000 hl. Kapasitets-nedgangen er derfor ikkje så betydeleg som ønskeleg.

Ringnotflåten kom i økonomiske vanskar i 1979. Stigande oljeprisar, minkande ressursar og nye kapitalkrevande fartøy er hovedårsaka.

Dei strenge reguleringar, med kvoter på alle fiskeri innan ringnot, har gjort at flåten er i opplag i lange periodar i året.

Det er likevel klart at fritt fiske ikkje kan tillatast utifrå ressurs-hensyn.

I 1978 og 1979 kom det til i Herøy 8 nye ringnotfartøy, derav 1 fabrikkskip. Dette er store moderne fartøy til ein kostnad mellom 15 - 20 mill kr. Fartøya er utrusta for å drive ringnot og pelagisk tråling etter kolmule.

Sjølv om fartøya er gunstig finansiert, har mange av dei vanskar med å oppnå lønsam drift.

Fabrikkskiptet som og var kombinert snurpar/trålar er derfor selt ut av kommunen. Det er vanskeleg å sjå at eit slikt fartøy til ca. 35 mill. kr. kan oppnå lønsam drift i norske farvatn.

Også den øvriga ringnotflåte vart opprusta i 78-79, ved innkjøp av brukte men moderne fartøy.

Flåten i Herøy er svært moderne og konkurransedyktig. Det er derfor å vone at flåten kan få såpass driftsforhaold at flåten i Herøy kan stabiliserast på det nivå ein har idag.

### Industri-trålar-flåten.

Dette er og ei viktig flåtegruppe i Herøy.

I 1979 var situasjonen denne:

8 fartøy i drift på heilårsbasis, 3 fartøy i perioder (ringnot/tobis-tråling), 2 fartøy i opplag grunna økonomiske vanskar og 2 gamle fartøy kondemnert.

Industri-trålarane er tidlegare ringnotfartøy, bygd før 1960 og med lastekapasitet på 1500 - 2500 hl. Flåten er i 1979 blitt modernisert, bl.a. har eit fartøy innmontert kjøleanlegg for å betre råstoffkvaliteten.

Fartøya har sine felt i Nordsjøen og på Finnamrkkysten. Dei fiskar tobis, øyepål, kolmule, lodde og tildels sei.

Den aukande skrot-forureininga av havbotnen i Nordsjøen grunna oljeverksemda, skaper stadig større vanskar for denne flåtegruppen. Fiskeridirektoratet har berekna at ca. 50 % av dei fiskbare trålfelta er sterkt reduserte som fiskefelt grunna skrot.

(Jfr. avsnitt om trålskader.)

### Bankline-flåten.

Herøy har 5 fartøy i denne gruppa. Av desse er 3 stålfartøy. 2 fartøy er over 100 fot, 2 fartøy mellom 80-100 fot og 1 fartøy under 80 fot.

Linefisket etter lange og brosme forgår hovedsakleg på bankane rundt Shetland, Hebridane, Færøyane og Island. Bankane utanfor Nord-Norge har blitt viktigare i dei siste år.

Det største og mest moderne fartøyet innan lineflåten, har innmontert mekanisert lineegne-maskin, såkalt Autoline.

Desse maskinene erstattar handegning av krokane, og i framtida vil nok mekanisert line-egning vinne meir innpass.

Linedrift er imidlertid eit fiskefag som er sterkt avhengig av spesiell ekspertise, både skipper og mannskap.

Det er å vone at denne ekspertisen kan bli lærd av fleire fiskarar i Herøy, og at unge fiskarar satasar eir på line/garn-drift enn tilfellet er i dag.

#### Brugde/småkval/håbrand/ m.m.

Herøy har 12 fartøy i denne gruppa. Det er ofte eldre trefartøy i 60-80 fots klassen, men det har og kome nye fartøy til, bl.a. ein stålbåt på over 110 fot, som driv brugdefangst om sommaren. Det er ganske uvanleg at ein såpass stor båt driv brugdefangst, det har alltid vore god tru at berre mindre lett manøvrerbare fartøy er effektive på brugdefangst.

Brugdeflåten består av 10 fartøy. Dette fisket eller fangsten har hatt aukande interesse grunna stigande prisar på Brugdelever og brugdefinnar. (Hai-suppe)

Brugda er ei plankonertande hai-art. Den er verdens nest-største fisk, og opptrer langs norske-kysten i sommarhalvåret. Fangsten foregår med harpun-kanon.

2 fartøy i Herøy har konsesjon for småkvalfangst. Brugdefangst blir dreve av desse båtane i fredings-periodar for småkvalen. Fiske etter håbrand i sommarhalvåret blir dreve av 2 fartøy i Herøy, det eine i kombinasjon med brugdefangst. Håbranden er også ei hai-art, og blir fiska med fløyt-line.

Dei fleste brugde-båtane driv med garn etter sei og torsk i vintersesongen.

#### Kystfiskeflåten.

Også denne flåtegruppen har hatt ekspansjon i 70-åra. Flåten telde i 1979 ca. 35 heilårsdrevne båtær mellom 30-40 fot, med 1-2 mann. Hovedfiskeriet er vintertorskefisket utanfor Møre (Herøy), og ellers over året er linedrift på kystfelta dominerande driftsform. Dei heilårsdrevne kystfiskebåtane opplever kvart år aukande konkurranse om felta, særleg under vintertorskefisket, frå såkalla "hobby-fiskarar".

Det er no arbeid i gang med å få etablert ein line-egnastasjon for kystfiskeflåten i Herøy. (Jfr. avsn. om line-egne-sentral)

FLÅTEN I HERØY pr. 31/12-79.

Ringnotfartøy	20 fartøy
Industrietrålarar	8 "
Rekefryse-trålarar	2 "
Brugde/småkval m.m.	12 "
Kystfiskefartøy	<u>35 "</u>
Totalt heilårsdrevne fartøy	<u>77 Fartøy.</u>

Ringnot.

Konsesjonsvolum

under 4000 hl	2 fartøy
4-5000 hl	3 "
5-6000 hl	3 "
6-7000 hl	3 "
7-8000 hl	5 "
8-9000 hl	<u>4 "</u>
Totalt antall ringnotfartøy	<u>20 fartøy</u>

Totalt konsesjonsvolum: ca. 120.000 hl

Kolmulefartøy (Kombinerte ringnot/trålfartøy)

Fartøy utrusta for kolmuletråling	<u>12 fartøy</u>
Gjennomsnittleg lastekapasitet	<u>8.125 hl</u>
Totalt laste-kapasitet	<u>97.500 hl</u>

Sammenslåing/utviding av konsesjonsvolum for ringnotfiske.

6 fartøy fekk utvida sitt konsesjons-volum i 1979, ved oppkjøp av mindre ringnotfartøy.

Ant. fartøy	Opprinneleg konsesj.	Noværande konsj.	Økning i hl.
6	31.600 hl	45.800 hl	14.200 hl

Ved sammenslåing vart det inndrege 7.200 hl.

Omsøkt: 21.400 hl - inndrege: 7.200 hl. = Innvilga økning 14.200 hl

### Industrietrål.

8 fartøy i heilårsdrift, 2 fartøy i periodar (ringnot/tobistrål)  
Lastekapasitet, på det heilårsdrevne fartøya 1500 - 2500 hl.  
Totalt ca. 15.000 hl.

### Rekefrysetrålalarar.

2 fartøy. Driv fiske ved Grønland, Canada og Jan Mayen etter reker. Kan karakteriserast som fabrikk-skip.  
Løddetråling på Finnmarkkysten om vinteren, konsumlodde.

### Brugdefartøy. m.m.

Brugdefartøy m.m. Fartøy på 60 - 110 fot. Mest vanleg storleik 60-80 fot. Eldre trefartøy i hovedsak.

### Kystfiskefartøy.

Ca. 35 heilårsdrevne båtar. Moderne båtar bygd i plast, stål og tre. Størrelse 30-40 fot.

SØKNADER OM EIGEDOMSRETT OG KONSESJONAR FOR FISKE  
FOR FIRSKEFARTØY.

Ettørsom flåten i Herøy har eit stort omfang, og er differensiert, er konsesjons-saker ein stor del av arbeidsmengden på kontoret. Konsesjons-saker er no overført til Fiskeridirektoratet, som avgjerande innstans. Til hausten -79 var det Fiskeridepartementet som var avgjerande myndighet.

Søknader om eigedomsrett til fiskefartøy, over 50 fots lengde.

7 søknader. Alle søknadene innvilga.

Søknadane gjaldt ny eigedomsrett, overføring av deler av eigedomsrett til nye parthavere.

5 søknader var for ringnotfartøy, 2 for banklinefartøy.

Søknad om å overta eigedomsrett og konsesjon for ringnotfartøy.

10 søknader. 8 søknader innvilga - 3 realisert.

	Antall	Innvilga
Søknader for konsesjon for drivgarnfiske etter laks	3	1
Søknader " " " brislingfiske med not	3	3
Søknad " " " fryseri på land	1	1

Søknader for konsesjon for trålfiske.

	Antall	Innvilga
Reketrål, Barentshavet	6	0
Industrietrål, Nordsjøen (1 realisert)	4	3
Trålfiske etter konsumfisk sør for 65°Nbr.	4	1

Ellers har søknader om lisenser for fiske i færøysk, islandsk og sovjetisk sone blitt sendt gjennom kontoret.



Skader på trål-redskap grunna ureining av havbotnen i Nordsjøen.  
Ureining frå olje-verksemda i Nordsjøen.

---

Herøy kommune fekk i begynnelsen av 70-talet fleire såkalla industri-trålarar. Hovedsakleg var desse fartøya tidlegare ringnot-fartøy, som ikkje lengre var tidhøvelege for denne drifta. Fartøya er på 100 - 120 fot.

Trålararane har sine hovedfiskefelt i Nordsjøen, både i norsk sone og i EF-sone.

Dei viktigaste fiskeslaga er tobis og øyepål.

Trålararane deltek også i vinterlodde-fisket på Finnmark-kysten.

Trålfiske etter sei om vinteren har også blitt eit drifts-alternativ.

Pr. 31/12 -79 hadde Herøy 8 heilårsdrevne industrifisk-trålarar. 2 fartøy dreiv kombinert ringnot/tobistråling, slik at det i perioder er 10 trålarar i drift.

I 1979 vart 3 trålarar seld ut av kommunen og 2 vart kondemnert.

Det største problemet for desse trålararane er den stadig aukande ureininga av havbotnen i Nordsjøen.

Ureininga er skrot frå oljeverksemda. Skrotet er spreidd over det meste av Nordsjøen. Dette hemmar tråldriften på den måten at dei driv-verdige felte stadig blir mindre, og at redskapen vert skada dersom den kolliderer med skrotet. I verste tilfeller blir heile trål-bruket slite vekk.

Siste året har det vorte påvist skrot i betydelege mengder heilt opptil 61°30'Nbr.

Fiskarane prøver å unngå skader på redskapen ved å plotte inn på karta dei kjente "festa". Det syner seg likevel vanskeleg å unngå skrotet, då dette stadig sprer seg og det er dermed vanskeleg å holde seg orientert om utbreiinga av skrotet.

For 1980 er det bevilga 10 mill. kr. for å drive opprydding av havbotnen, men det er klart at dette er for små midlar til å reinske opp på ein forsvarleg måte i Nordsjøen.

Fiskeridirektoratet har kalkulert med at ca. 50 % av dei fiskbare felt i Nordsjøen er sterkt reduserte som fiskefelt eller trålfelt.

Statistikk over trålskader i 1978 og 1979 for trålarane i Herøy.

	1978	1979	Prosentvis auke.
Omsøkt skadebeløp inkl. fangst-tap	341.000	735.000	115,5 %
Omsøkt skade-antall	22	40	82,0 %
Skader pr. båt i gj.snitt	2,44	5,0	105,0 %
Gj.snittleg skadebeløp pr. båt	37.889 ( 9 båter)	91.875 ( 8 båter)	142,5 %
Gj.snittleg skadebeløp inkl.fangst	15.500	18.375	18,5 %

Totalt heile landet:

1978                                    316 skader  
 1979                                    473 skader                            Auke: 50 %

Skader ferdig handsama i 1979

Handsama ferdig                    391 skader  
 Innvilga                                372 skader                            Innvilgingsprosent: 95 %

Totalt utbetalt i trålskader i 1979                    kr. 4.500.000,- (Heile landet)

Gj.snittleg utbetalt pr.skade i 1979                    kr. 12.097,- (Heile landet)

Gj.snittleg utbetalt skade i 1978                    kr. 8.825,- Auke: 37 %

Dei fleste omsøkte skader har vorte innvilga, heilt eller delvis.  
 Det har imidlertid i 1979 vore sær lang tid før utbetaling av skadebeløpet har funne sted.

Dette var på grunn av at midlane som var bevilga til skades-  
 erstatning for 1979, på eit tidleg stadium av året var oppbrukt.  
 Dette skyldes stor auke i skade-antalet.

Det tok imidlertid lang tid før ny bevilgning vart godkjent,  
 og det førte til vanskar for fiskarane og notverkstadane.

Det er no å vone at oppryddinga av havbotnen i Nordsjøen blir  
 effektiv, og dermed betre driftsforhold for trålfiskarane.

## FISKEFØREDLING I HERØY KOMMUNE.

---

Herøy har ein stor og variert fiskeindustri. Sildolje-industrien som før var dominerande, har gått tilbake, 1 moderne fabrikk er att, 2 er nedlagde.

Ein har fått auke i verkdemder som baserer seg på produksjon av fisk til konsum.

Det ser ut til at denne industrien har brukbar lønsemd. Her er det klippfisk-verksemd, hermetikk-verksemd, røkeri, fryseri og ferskfisk-verksemd.

Eit problem for fiskeindustrien er vanskar med å skaffe kvalifiserte medarbeidarar.

Betre bedriftsintern opplæring, opplæringstilskot og meir satasing på utdanning innan fiskeføredling bør styrkast.

Den nye fiskeritekniske høgskulen i Ålesund, linje for fiskeføredling vil i framtida gje positive resultat.

## Klippfisk/saltpfisk/tørrfisk.

Denne type foredling er viktig i Herøy kommune. Kommunen har no 5 større og mindre verksemdar.

Verksemda på Eggesbønes (ombygd sildoljefabrikk), starta opp i slutten av 1979, og vil kome i full produksjon i 1980.

I 1979 tok dei 4 verksemdene i Fosnavåg og Runde imot ca. 3.300 tonn fisk av ymse slag. Det kan reknast med at det i 1980 vill bli motteke 6 - 7.000 tonn, når alle 5 verksemdene blir i full drift.

I 1979 var det tilsett 35-40 personar. I 1980 er det rekna med mellom 60-70 tilsette i denne bransjen. I tillegg er det ein del deltidstilsette.

Tørking av kolmule som eine verksemda har begynt med, foregår i klippfisk-tørkene. Kolmule-tørkinga vil medføre at tørkekapasiteten kan utnyttast betre.

Bi-produkt som rogn og melke blir i hovudsak levert til dei 2 hermetikk-fabrikkane i kommune.

Avfall og avskjer blir meir påakta, og det blir satsa på levering til pelsdyr-oppdrettarar. Ei bedrift har i 1979 innreidd fryseri, for betre å ta vare på bi-produkt og avfall/avskjer frå den øvrige produksjon.

Henging og tørking av storsei, skalle-sei og brosme har vorte ein viktig produksjons-form.

Det ser ut til at verksemdene finn sine spesial-områder, t.d., kan nemnast saltfilet, ferskfilet, salting og tørking av skallesei, tørking av kolmule. Dette i tillegg til annan produksjon. Særleg har tørking av fisk på hjell vorte viktig.

Råstoff-situasjonen er tik ei viss grad påvirka av situasjonen i Nord-Norge og i Måløy-regionen.

Dei mindre kvanta saltfisk frå Nord-Norge medførte større konkurranse om bankline-råstoffet, og Måløy-regionen har kome sterkare inn som kjøpar av bankline-råstoff, ettersom pigghåressursane er minkande. Det er og funne stad ei sterk auke i kapasiteten i Måløy-regionen.

Skalle-seiråstoffet kan bli redusert dersom den store inter-  
~~nasjonale tråler-flåten fortsatt skal få fiske utanfor Møre~~  
i same omfang som no.

Auka tilførsler frå Nordsjøen kan være ei løysning på minkane  
råstoff-tilgang frå tradisjonelle felt.

Storsei-fisket i vinter (1980), gav gode voner om auka til-  
førsler frå Nordsjøen og særleg frå Viking-banken.

Ei større omlegging til heilårs garndrift i Nordsjøen bør  
derfor intensiverast og stimulerast.

### Fryseri/ferskfisk.

I denne bransjen har Herøy 2 verksemdar, begge i Fosnavåg.  
Den eine er eit større fryseri, og den andre eit mindre  
ferskfisk-pakkeri, med eige fryseri.

Samla har dei ca. 40 tilsette og råstoff-kjøpet ligg på  
ca. 4.500 tonn.

Den største delen av råstoffet er til fryseriet.

Begge verksemdene har eit stort produkt-spekter og med egne  
spesial-produkt.

Fryseriet har planer om ei større utbygging, med nye produksjons-  
hallar og frysetunnellar og fryselager. Dette vil sikkert med-  
føre auka råstoff-kjøp. Fryseriet er og leverandør av is og agn  
til lineflåten.

### Hermetikk.

Herøy har to verksemdar, 1 i Fosnavåg og 1 på Moltustranda.

Begge har eit stort produkt-spekter, og har salg mest på  
heime-marknaden. Også eksporten er viktig.

Samla har dei 65-70 tilsette, mest kvinner og dei to fabrikkane  
er dei viktigaste arbeids-plassane for kvinner i Herøy.

Verksemdene kjøper mykje av sitt råstoff frå andre fiske-verksemdar  
i kommunen-som rogn, melke, fisk m.m.

Samla råstoff-kvøantum ligg på 2.200-2.300 tonn.

Ved at verksemdene har satsa sterkare på det innanlandske marked,  
har dei eliminert valuta-svingningane på eksport-marknadane.

Etterspurnaden på innanlands-marknaden er og tilfredsstillande.

## Røykeri.

Herøy har to verksemder. Hovedråstoffet er makrell.

Bedriftene synes å ha funne ein god marknad for sine produkt, råykt makrell. Dei har 12 tilsette og har eit råstoff-kjøp på 450-500 tonn makrell.

## Sildolje/sildemjøl.

Bransje-betegnelsen kan være misvisande, men den har sin opprinnelse frå den gang sild var hovedråstoffet for denne type foredling.

Herøy hadde ei tid 3 fabrikkar i drift, og var av dei kommuner i landet med størst kapasitet på dette området.

I dag er 2 fabrikkar nedlagt, 1 i Fosnavåg og 1 på Eggesbønes. Begge fabrikkane har fått alternativ drift- I Fosnavåg er fabrikkjen tillagt eit større skipsverft og på Eggesbønes er fabrikkjen overteken av nye interesser og ombyggt til ei større klippfisk/tørrfisk-verksemnd.

Den gjenværande fabrikkjen ligg på Moltustranda og er eigd av Sildefiskernes Fabrikklag.

Fabrikkjen er ein av dei som har overlevd den frivillige struktur-rasjonaliseringa innan bransjen. Dette har medført at fabrikkjen har blitt modernisert for 25 mill. kr. i 1978 og 1979.

Fabrikkjen er no topp moderne, med silo-anlegg og det største kjele-anlegget i landet, og kan produsere mjøl til dyre-, lakse- og ålefôr. Fabrikkjen er viktig for fiskeflåten i Herøy og i fylket ellers.

Fabrikkjen har 45 tilsette og tok imot 560.000 hl i 1979 fordelt slik:

Sommarlodde-	156.000 hl
Jan-Mayenl.-	48.000 hl
Vinterlodde-	65.000 hl
Kolmule	-206.000 hl
Makrell	- 66.000 hl
Tobis/øyep.-	9.000 hl
Havbrisling-	5.000 hl
Fiskeavfall-	3.000 hl.

FISKEFOREDLINGS-VERKSEMDER I HERØY KOMMUNE: OVERSIKT OVER ANTAL TILSETTE,  
RÅSTOFF-KVANTUM; RÅSTOFF-TYPE OG RODUKT-SPEKTER.

BRANSJE	ANTALL	LOKALISERING	TIL SETTE	RÅSTOFF-KJØP	RÅSTOFF-TYPE	PRODUKT-SPEKTER.
Klippfisk/ saltfiske/ tørrfiske	5	1 Runde 1 Eggesbønes 3 Fosnavåg	35-40 <u>1980:</u> <u>60-70</u>	3.300 tonn <u>1980: 6-7.000 t.</u>	Lange, brosmе, torsk, sei, hyse kolmule	Klippfiske, saltfisk, saltfilet, fersk filet tørka kolmule, tørrfisk av sei og brosmе
Fryseri/ ferskfisk	2	2 Fosnavåg (1 større frys- ri)	40	ca. 4.500 t.	Torsk, sei, kval- kjøt, Grønlands- reker, makrell, lodde (laksefor)	Frosne reker, fersk isa fisk, kvalbiff, filet, frossen makrell, røykt fisk, lodde, spesial- produkt, agn og is.
Hermetikk	2	1 Moltustranda 1 Fosnavåg	65-70	ca. 2.300 t.	Brisling, rogn, melke, kvalkjøt, fersk fisk	Sardiner, hermetisk rogn og melke, varianter av middags-hermetikk av fisk og kvalkjøt, egne spesial-produkt.
Røykeri	2	2 Nærø	12	450-500 t.	Makrell	Røykt makrell
Sildolje/ sildemjøl	1	1 Moltustranda	45	560.000 hl = 56.000 tonn	Lodde, makrell havbrisling, tobis, øyepål, kolmule, fiske- avfall	Marine oljer, fiske- mjøl, spesial-mjøl til mink-, lakse- og åle-for (Japan)
Samla	12		ca. 200 1980: 240	66.600 tonn 1980: 70.000 tonn		

Fisk og andre marine råstoffer foredla/motteke av fiske-  
foredlings-industrien i Herøy i 1979.

Fordelt etter fiskeslag. Råstoff til sildolje/mjøl er ikkje med.

* Bank-fisk: Torsk, sei, lange, brosme, hyse m.m	6.950 tonn
Kvalkjøt	495 tonn
Makrell til innfrysing og røyking	780 tonn
Grønlands-reker	700 tonn
Lodde til laksefor	150 tonn
Sardiner til hermetikk	480 tonn
Rogn og melke (Usikre tal)	<u>700 tonn</u>
Totalt	<u>10.225 tonn</u>

\* Kvantumet av bankfisk er venta å auke til ca. 10.000 tonn  
når anlegget på Eggesbønes kjem i full drift.

Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, avd. Fosnavåg.

Omsett kvantum og verdi gjennom Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag,  
avdeling Fosnavåg, i 1979.

Salslaget dekker området frå og med Hareid til grensa til Sogn  
og Fjordane i sør, og har ei betydeleg omsetning.

Største kvantumet er omsett til verksemdar i Herøy og Sande.

Hareid og Ulstein har i 1979 ikkje vore aktuelle for fisk frå  
salslaget i Fosnavåg.

Anvendelse:

Torsk ( 70 % klippfisk/saltfisk-30% fersk)	1.220 tonn
Sei (80% tørking-20% fersk)	1.860 tonn
Skalle-sei ( 90 % tørking-10 % salting)	880 tonn
Lange ( 100 % salting/klippfisk)	850 tonn
Brosme (95 % tørking/slating-5% fersk)	770 tonn
Hyse ( 100 % fliet/fersk)	170 tonn
Lyr (100 % filet/fersk)	10 tonn
Kveite ( 100 % frysing/fersk)	10 tonn
Lever (Tran-damping)	20 tonn
Rogn (Hermetikk)	95 tonn
Reke (Grønland) (Frys/fersk)	875 tonn
Krabbe (Pakket i krabbe-skjell)	53 tonn
Hummer (Fersk)	2 tonn
Diverse fisk (Fersk)	<u>18 tonn</u>
TOTALT	<u>6.833 tonn</u>

Førstehandsverdi

31.000.000,- kr.



## SERVICE FOR FISKEFLÅTEN.

Service-tilboda for fiskeflåten i Herøy, er stort sett dekkande, for dei behov flåten ha.

2 store notbåteri- 1 i Fosnavåg og 1 på Eggesbønes. Desse leverer og reparerer ringnøter og trålnøter, snurpe- og trålwire og anna nødvendig redskaps-utrustning.

2 garn- og tauverkkfabrikkar- 1 i Fosnavåg og 1 på Frøystad. Desse fabrikkane er topp moderne, med avanserte maskiner for produksjon av garn og tauverk.

Særleg er det stor etterspurnad etter torske - og seigarn. Dette på grunn av den store utskiftinga av garnbruk som er nødvendig stort sett kvart år.

Bunkers-stasjonar er det fleire av. Mindre og større.

2 større stasjonar ligg i Fosnavåg. Desse har kaier med djupvass-tilflot og kan betjene havfiskeflåten i kommunen.

Også ein bunkersbåt har vore i drift i 1979. Dette har gjort det lettare å få bunkra båtane ved lossing av fangst, t.d ved fabrikk på Moltustarnda.

Elektronisk service blir utført av eit firma i Fosnavåg.

Agn og is til lineflåten har vorte betre etter at Fosnavåg Fryseri tok i bruk ny ismaskin og is-lager.

Mekanisk og maskinteknisk service er dekt av skipsverfta i Fosnavåg og Tjørvåg. I Fosnavåg ligg også ei mindre mekanisk og maskinteknisk bedrift som hovedsakleg driv med service til fiskeflåten.

Det er likevel ikkje til å unngå at verkstadane i Sande og Ulstein, mykje er brukt av havfiskeflåten i Herøy, for serviceoppdrag.

Hamne-situasjonen i Herøy er tilfredsstillande, med hamner i Kvalsvik, Kvalsund, Runde, Remøy, Fosnavåg og Eggesbønes.

Hovedhamna for havfiskeflåten er Fosnavåg. Denne hamna har imidlertid for lite utbygd kai-plass for dei mange havfiskefartøya. Bygging av ei større fiskeri-kai på indre Fosnavå hamn vil i stor grad støtte behovet for kai-plass.

Det er imidlertid vanskar med å få offentlege løyvingar til ei slik kai.

Straumuttak for store og små fartøy, på offentlege kaier, er vedteke montert på kaiene i Herøy.

Monteringa har ikkje ennå blitt gjort. Kontroll med straumuttak til kvar einskild båt som bruker anlegga, er i denne samanheng noko problematisk, men det skulle ikkje være uoverkomeleg å få til ei tilfredsstillande kontrollordning..

Det har i 1979 vore arbeidd med å få etablert ein service-stasjon for oppblåselege redningsflåter i Herøy (Fosnavåg). Behovet er til stades, og vedstasjonane i Ålesund er det stadig ventetid for serrvice på flåtane. Særleg før sesong-fiskeria. Marked for ein slik stasjon i Herøy er Sande og Herøy. Fiskeflåten i desse kommunane er såpass stor at stasjonen kunne få lønsam drift.

Det har likevel ennå ikkje lukkast å få etableringsløyve for, ein slik stasjon i Herøy.

Dei etablerte stasjonane i Ålesund er lite villig til dette. Ein vel-assortert skipshandel manglar i Herøy. Dette medfører at flåten utrustar til fiske i Ålesund.

Denne handels-lekkasjen inneber million-beløp tapt for Herøy kvart år. Det bør derfor arbeidast seriøst med å få etablert ein skipshandel, kanskje i samband med bygging av fiskerikai i Fosnavå.

## AQUA-KULTUR.

Langs heile norske-kysten er det stor interesse for aqua-kultur. Særleg har oppal av laks og aure stor interesse. Denne næringa har opplevd ein "boom" og har uvanleg høg lønsemd. For tida ligg ca. 500 søknader for konsesjon i Fiskeridirektoratet, og ventar på handsaming.

Ei ny stortingsmelding og nye forskrifter er på trappene. Dei nye forskriftene vil gjere det mogleg å handsame søknadane. Det må likevel ventast at berre 5 - 10 % av søknadane vert innvilga, utifrå dei vilkår som den nye stortingsmeldinga set opp for tildeling. Dette fordi det alt no er gjeve ut fleire konsesjonar som ikkje har kome i drift, grunna mangel på lakseyngel (smolt) og ørretyngel. Det vil endå ta fleire år før behovet for smolt og yngel kan dekkast. Også hensyn til marknaden for laks og aure er avgjerande for kor mange nye konsesjonar som vil bli utdelt. Det er og å merke at Møre og Romsdal er det største fylket innanfor denne næringa. Det er å tru at svakare områder, som Nord-Norge, vil bli prioritert ved ny-tildelingar.

I Herøy er det gode naturgjevne vilkår for oppal av fisk. Særleg Nautøy-området og ellers indre deler av kommunen er aktuelle. Høvelege stadar er færre i ytre delar av kommunen. Smult farvatn og god straumgjennomgang er viktige forutsetnader.

Søknader som er innsendt frå Herøy:

Leinevika-området	4	søknader
Eggesbønes/Starumane	2	"
Fosnavåg-området	1	"
Nautøya	1	" (1 er innvilga)
Leikong-området	1	"
Stoksund-området	1	"
Sandvik-området	1	"
Totalt	<u>11</u>	<u>søknader</u>

1 anlegg er i drift, Herøylaks A/S. Dette anlegget vil bli omplassert frå Eggesbønes-vågen til indre delar av kommunen.

I Aurvåg-området blir det no arbeidd med eit anlegg for klekking og oppal av lakse- og aureyngel, såkalla smolt-anlegg.

Det er usikkert når anlegget vil kome i drift, då slike anlegg også er konsesjons-betinga og anlegga er kompliserte og kapiatl-krevande.

Det er likevel sikkert at konsesjon blir innvilga, då det ikkje er stopp i tildelinga av konsesjonar til smolt-anlegg.

Det spesielle med klekking og oppal av lakse- og aureyngel, er at klekkinga må foregå i ferskvatn, og med ei gradvis tilvenning til sjøvatn før yngelen skal settast ut i sjøvatn.

#### Blåskjell-dyrking.

Interessen for dyrking av blåskjell auka sterkt i 1979. Dette mykje på grunn av optimistiske meldingar i pressa.

Norge har gode naturgjevne forhold for dyrking av blåskjell, men det er enno mange uklare forhold som må forskast meir på.

Særleg kartlegging av stader der blåskjella trivast og veks fort nok, for kommersiell drift.

Det har vist seg at blåskjell trivst best i sjø med lav salinitet, (lavt saltinnhald).

Også undersøking av marknadane for blåskjell, og foredlings-måtar må styrkast.

I Herøy har mange sett ut oppsamlings-tau for blåskjell-yngel.

Yngel er det nok av, men vekstforholda er ennå ikkje klarlagt.

Eit stort problem i ytre kyststrok, er ærfuglen. Denne har blåskjell som næring, og fuglen er ekspert i å ete yngelen av samle-taua.

I Herøy vil det våren 1980 bli sett ut samlarar i større skala.

Dette vil bli gjort av ei gruppe privatpersonar.

Møre og Romsdal fylke v/Fiskerisjef-kontoret, fekk i 1979 etablert ei stilling for konsulent i aqua-kultur, særleg fiskeoppdrett.

Denne konsulent-stillinga vil styrke det vidare arbeidet med utvikling av aqua-kulturen i fylket. Konsulenten er alt tilsett.

Kulturbetinga oppal av fisk og andre marine organismer vil stadig ekspandere. Det er å tru at det berre er byrjinga av ei stor næring ein ser i dag. Oppal av andre fiskeslag som torsk og sei er alt no aktuelt.

## LINEEGNE-SENTRAL I HERØY FOR KYSTFISKEFLÅTEN.

~~Fiskerisjefen i Møre og Romsdal fekk i 1979 bevilga kr. 45.000,-~~  
over statsbudsjettet ,til å undersøke behovet for lineegne-  
sentraler og mottaks-stasjoner i Møre og Romsdal.

Arbeidet vil bli utført av Statens Teknologiske Institutt i  
samarbeid med Fiskerisjefen og fiskerirettleiarane i fylket.

I Herøy er det ei stor heilårsdreven kystfiskeflåte, som driv med  
line storparten av året. Ca. 35 båtar i 20-35 fot er i drift  
Lineegne-situasjonen for desse båtane er lite holdbar. Fleira av  
fiskarane har innreidd sjøbuene sine med egnerom og frysarar,  
men dei fleste er henvist til å stå på stadar som ikkje stettar  
vanlege krav til arbeidsmiljø.

Ein ny egenesentral skal innholde eit felles egnerom, fryseri for  
agn og ferdigegna line, kantine og sanitærrom.

Det er ei forutsetning at etablering at sentralen vert finansiert  
ved offentlege midlar som lån og tilskot. (DUF; Statens Fiskarbank og  
Fiskeridepartementet.)

Det er sendt ut 49 spørjeskjema til kystfiskarane. 29 har svart.  
Dette er alle heilårsdrevne båtar. 4-5 har egne frysarar og egne-  
rom og er ikkje interessert i sentralen.

Svara viser klar interesse for prosjektet, men på vilkår av at  
fiskarane får bruke egne liner og at dei får egne lina sjølve.  
Ei viss grad av leigd egnehjelp er også av interesse.

Hovedintensjonen med egenesentral i Herøy er med andre ord å  
få etablert ein stad som kan tilby skikkelege arbeidsforhold for  
kystfiskarane når dei eignar line.

Det er fleire aktuelle stadar å etablere sentralen på. Det er sendt ut  
skjema til interesserte eigarar av disponible sjøeigedomar, og  
det har meldt seg interesse for prosjektet.

Fiskarane prioriterer ei plassering av sentralen i Holmefjord/  
Fosnavåg-området, som har gode hamneforhold og andre service-tilbod.  
Det blir derfor viktig i 1980 at Herøy kommune fylgjer opp det  
vidare arbeid med prosjektet, slik at ein sentral kan etablerast i  
løpet av 1981, seinast.

## FORSØKSFISKE ETTER MAKRELL UTANFOR SUNNMØRS-KYSTEN:

Fiskerisekretæren fekk etter søknad til Fondet for fiskeleiing, innvilga kr. 35.000,- til innkjøp av 90 makrelldrivgarn.

Garna skulle brukast til forsøksfiske etter makrell sommaren-79, i området Stadt - Storholmen.

To sjarkar i 35-fots klassen fekk disponere garna, 45 garn på kvar, mot at dei dekte driftsutgiftene sjølv, og fekk 100 % av fangsten.

Fisket starta 14/6 og vart avslutta 23/8.

Båtane hadde henholdsvis 17 og 28 sjøvær, dei fleste 4-7 n.mil av land. Dårleg ver hindra drift lenger ute i noko omfang, men sjøværa som foregjekk 12 - 15 n. mil av land gav det beste fangst-resultatet, sjølv om det var få turar.

Temperaturen er viktig for å få godt resultat, best fiske var det med ein temperatur på 12-13<sup>o</sup>C i sjøen.

Det beste fangstresultatet ved gode forhold låg på 1700 kg makrell. Det var og teke ein del sild som bi-fangst. Denne vart omsett på ordinær måte gjennom salslag.

Marknaden for fersk konsum-makrell er liten på Sunnmøre. Mottakarane i Ålesund sende derfor fisken i fersk tilstand til Oslo-marknaden. I Fosnavåg var det ikkje interesse blant fiskekjøparane for mottak av garnmakrell.

Prisen til fiskar i Ålesund var brukbar, men var avhengig av tilskota sin storleik,

Forsøksfisket vil fortsette sommaren-80, med 3 båtar.

Det er planen å starte opp alt i byrjinga av mai.